



## Møteinnkalling

10.11.2015

**Aust-Telemark vassområde**

**Møte** : Arbeidsgruppemøte  
**Møtestad** : Landbrukskontoret i Atrå  
**Møtedato/-tid** : 25.11.2015 kl 10 - 15

**Arbeidsgruppa:**

Arne Kjellsen	Fylkesmannen i Telemark (FM)
Ingrid Strande	Telemark fylkeskommune (Tfk)
Bjørn Bjørnsen	Tinn kommune
Dorthe Huitfeldt	Vinje kommune
Jørn Ingar Sanda	Notodden kommune
Nicolai Østhus	Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB)

**Saksliste:**

Nr.	Sak
<b>11.01</b>	<b>Referatsaker</b> 1. Referat frå arbeidsgruppemøtet 07.05.2015 (vedlagt) 2. Orientering om planarbeidet ved Ingrid Strande
<b>11.02</b>	<b>Årsrapport 2014</b> Årsrapporten er vedlagt. Gjennomgang og godkjenning
<b>11.03</b>	<b>Inndeling av vassområde (VO) i Telemark – drøfting av forslag</b> Det har kome innspel frå styringsgruppene i Midtre Telemark VO og Skien-Grenlandsfjordene VO om at heile Telemarksvassdraget bør vurderast som eitt vassområde. Som utgangspunkt for drøftingar har Ingrid Strande laga eit utkast som viser ulike forslag til inndelingar av vassområde i Telemark. Matrisen viser fordelar/ ulemper ved dei ulike inndelingane (vedlagt).
<b>11.04</b>	<b>Økonomien i vassområdet – drøfting av fordelingsnøkkel mellom kommunane</b> Prosjektarbeidet i Aust-Telemark vassområde er finansiert ut 2015. Det vil før jul bli fremja sak i Tinn og Vinje kommunar om vidareføring av prosjektet i 2016, og at varig organisering av arbeidet skal handsamast i kommunane når resultatet av den nasjonale evalueringa av

	<p>vassforvaltningsarbeidet føreligg i 2016.</p> <p>Notodden kommune trekte seg ut av prosjektsamarbeidet i Aust-Telemark vassområde frå 2015, men vil vurdere ny deltaking når ei varig organisering av arbeidet er på plass. Notodden vil likevel delta i arbeidsgruppa i 2016, men utan å bidra økonomisk til prosjektet.</p> <p>Vassområdet har i brev til vassregionmyndigheita (VRM) bedd om råd/ synspunkt på korleis vi bør handtere at Notodden har meldt seg ut av prosjektarbeidet i 2015. I svarbrevet foreslår VRM m.a. at fordelingsnøkkelen mellom bidragsytarane blir vurdert på nytt. Brevet er vedlagt.</p> <p>Vedlagt er eit forslag til økonomisk fordelingsnøkkel, sett opp i høve til folketal og areal som kommunane har i vassområdet. I tillegg er antal vassområde som kommunane deltek i med i grunnlaget for fordelingsnøkkelen.</p>
<b>11.05</b>	<p><b>Tiltaksgjennomføring etter regional plan frå 2016 – innspel til gjennomføring</b></p> <p>Vi skal i gang med tiltaksgjennomføring i 2016. Korleis kan vi best samordne arbeidet i vassområda og sektorane for å få gjennomført regional vassforvaltningsplan på ein effektiv og god måte?</p> <p>Kommunevise tabellar over forslag til tiltak i vassforekomstane vil bli delt ut på møtet.</p>
<b>11.06</b>	<b>Eventuelt</b>
<b>11.07</b>	<p><b>Innføring i bruk av vann-nett</b></p> <p>Vann-nett er eit viktig verkty som også bør brukast i kommunal sakshandsaming. Det blir innføring i bruk av Vann-nett på slutten av møtet.</p>

Ver venleg å gje beskjed innan 23. november dersom du blir forhindra i å møte.

VEL MØTT!

Med helsing

Liv Rigmor Flå  
 prosjektleder  
 Aust-Telemark VO  
 tlf. 350 82 826/ 95 92 46 02

- Vedlegg:
1. Referat frå arbeidsgruppemøtet 07.05.2015
  2. Årsrapport 2014
  3. Inndeling av vannområder i Telemark - Utkast 26.10.2015
  4. Brev frå Aust-Telemark vassområde til VRM - Spørsmål om oppfølging av Notodden kommune etter at kommunen har trekt seg ut av prosjektarbeidet i vassområdet
  5. Brev frå VRM – Svar til Øst-Telemark vannområde – om organisering av vannområdet og deltakelse fra kommunene
  6. Forslag til økonomisk fordelingsnøkkel mellom kommunane